



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FA-Q14
Arkivsaksnr: 11/333	Løpenr: 11/4682
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	28.11.2011	059/11	TR

TILKOMSTEN TIL ECONOMUSEE FJORDTØNNA PÅ TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune kan ikkje prioritera utbetring og omlegging av vegen til Economuseet Fjordtønna. Kommunen har mange kommunale vegar i svært dårleg teknisk stand, og evt. ekstraordinære midlar til vegar må nyttast til å få vegane opp på ein minimumsstandard.

Spørsmålet om omlegging av vegen på indre Tysse kan tidlegast takast opp når det er avklara om det kjem ytterlegare bustadbygging i området. Det vil venteleg skje i samband med rullering av arealplanen.

28.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-059/11 VEDTAK:

Samnanger kommune kan ikkje prioritera utbetring og omlegging av vegen til Economuseet Fjordtønna. Kommunen har mange kommunale vegar i svært dårleg teknisk stand, og evt. ekstraordinære midlar til vegar må nyttast til å få vegane opp på ein minimumsstandard.

Spørsmålet om omlegging av vegen på indre Tysse kan tidlegast takast opp når det er avklara om det kjem ytterlegare bustadbygging i området. Det vil venteleg skje i samband med rullering av arealplanen.

Dokument som er vedlagt:

Skriv om utbetring av tilkomsten til Economusee Fjordtønna på Tysse
Veg frå Tysse Bru til indre Tysse

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunestyresak 8/10 om privatisering av kommunale vegar.

Kva saka gjeld:

Det er kommunal veg frå Tysse bru til gardane øvst på Indre Tysse der m.a. verksemda Fjordtønna ligg. I 2010 vart denne verksemda innlemma i ordninga med Economusee. Hordaland fylkeskommune har i skriv dagsett 9.6.2011 vist til at dagens tilkomst må utbetrast for at turistar i bussar kan koma fram til verksemda.

Dersom ein skal lukkast med å skaffe ny og auka turisttrafikk til ulike delar av Samnanger er det viktig at tilkomsten til reiselivsmåla er god. Det er difor viktig at Economuseet på Tysse får ein god tilkomst for bussar.

Vi voner Samnanger kommune på denne bakgrunn vil kunne finne ei god løysing på tilkomstproblematikken til Tysse gard sitt Economusee så snart som mogleg.

Eigaren av verksemda har også vendt seg til kommunen ved fleire høve med påpeiking av utfordringane. Han har m.a. vist til problem med å få vareleveranse fram til eigedomen. Sjå vedlagde skriv av 22.09.2011.

Teknisk eining har vore på synfaring på staden. Dei har i haust føreteke ein del mindre utbetringar, m.a. grøftereinsk, hogging av ein del tre, og det er og etablert ein mindre forbikjøringsplass. Einingsleiar for teknisk har gitt eigaren av Fjordtønna skriftleg tilbakemelding om det som er gjort, og han har og gitt melding om at denne vegen ikkje er prioritert med midlar ut over det som er gjort.

Vurderingar og konsekvensar:

Standarden på dei kommunale vegane er langt dårlegare enn ynskja. Sommaren 2011 vart det gjennomført synfaring på dei fleste kommunale vegar der også ordførar og varaordførar var med. M.a. på bakgrunn av denne synfaringa er det laga eit notat som viser utfordringane våre. I notatet er det og peika på kva som må gjerast for å heva standarden. Det er då berre snakk om å auka den "tekniske" kvaliteten på vegane ut frå dagens standard, ikkje å auka standarden i den forstand som her er omsøkt. I ei slik vurdering kjem ikkje den omsøkte vegen med på prioriteringslista.. Sjå vedlegg

Det kan tenkjast at kommunen bør ta ein diskusjon om endring av traséar for å gjera tilkomsten betre eller tryggare (ROS-analyse). Slikt arbeid vil som oftast medføra til dels store løyvingar. Jmf. m.a. utfordringane me har på vegen til Li. Heller ikkje ut frå ei slik vurdering vil den omsøkte vegen koma øvst på lista..

Det som er spesielt for denne saka er at etableringa av economuseet. Kommunen har ikkje i særleg grad vore trekt med i planlegginga av museet, og problema med tilkomst har t.d. berre uformelt vore drøfta med ordførar.

I skrivet frå eigaren og i samtaler med han viser han til at halvstore/store varebilar ikkje vil kjøra opp med varer til verksemda. Her kan det sjå ut som om det er ulike vurderingar som vert gjort av sjåførane. Etter det me veit kjører t.d. renovasjonsbilen opp. Tilkomsten er vanskeleg for store bilar, sannsynlegvis umogleg for dei store bussane. Dette kan berre løysast dersom det vert laga ny trasé. Bygging av veg i så bratt terreng er både vanskeleg å dyrt.

Kommunestyret handsama spørsmålet om omklassifisering av kommunale vegar i februar 2010. Konklusjonen var at inntil vidare skulle vegane ha same status som tidlegare. Basert på dei kriteria

som vart valde vurderte administrasjonen at vegen til dei øvste gardane på Indre Tysse kunne vera ein av dei som kunne overførast til oppsitjarane.

I ulike planar og på ulike tidspunkt har spørsmålet om vidare bustadbygging på Indre Tysse vore reist. I den samanheng har området over Fjordtønna vore nemnd. Det er pr. d.d. ikkje vedtak som tilseier bustadbygging her. Slike drøftingar vil vera naturleg å ta i samband med utarbeiding av kommuneplan. Arealdelen av denne er forventa starta opp hausten 2012, og dersom det er planar for utbygging i området må det koma innspel om det i samband med dette planarbeidet. Det vil då også vera naturleg å ta opp spørsmålet om dagens tilkomst er god nok for evt. fleire bueningar. Det kan då vera snakk om å stilla krav til utbyggjar om utbetring av vegen.